

BACHELOROPPGAVE

Innsats i kroppsøving

- Kva legg lærarar og elevar i omgrepet innsats i kroppsøving?

Utarbeidet av:

Rita Aakre

Studium:

Idrett bachelor (IDR240) hjå Høgskulen i Nesna

Innlevert:

Vår 2015



Samandrag

Innsats i kroppsøving har vore eit omdiskutert tema i lang tid. Frå 2006-2012 skulle ikkje innsats vere ein del av grunnlaget for karakteren i kroppsøving. Etter 2012 kom Utdanningsdirektoratet med ein revidert læreplan «Udir-08-2012», der stod der tydeleg at innsats skulle bli eit av kriteriana for karakteren. Problemstillinga mi for denne studien er *kva legg lærarar og elevar i omgrepet innsats i kroppsøving?*

Metodene som er brukt er kvalitativt intervju og kvantitativt spørjeskjema. Utvalet bestod av 202 ungdomsskuleelevar hjå to ungdomsskular i Nordland. Informantane var seks kroppsøvingslærarar og åtte ungdomsskuleelevar. Datamaterialet behandla eg i Microsoft Word 2012 og Microsoft Excel 2012.

Resultata viser at lærarane eg intervjuja skildra innsats som «Å gjere det beste ein kan, møte opp til timane», medan elevane skildra innsats som «Å gjere det beste ein kan, hjelpe medelevar, ta initiativ».

Konklusjonen til denne studien er at lærarane ser på innsats som eit meir opent og vidt omgrep (heilheitleg), mens elevane ser på innsats som eit meir konkret og spesifikt omgrep.

Innholdsliste

1.0 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for val av problemstilling/oppgåve	1
1.2 Anbefalingar	1
1.3 Problemstilling og formål	2
2.0 Teori.....	3
2.1 Tidlegare læreplanar	3
2.2 Innsats og tidlegare forskning	4
3.0 Metode	8
3.1 Forskingsdesign	8
3.2 Spørjeskjema	9
3.3 Utval	9
3.4 Etikk	10
3.5 Måleutstyr	10
3.6 Protokoll/prosedyre	10
3.7 Analyse	11
3.8 Validitet	11
3.9 Reliabilitet.....	12
4.0 Resultat.....	13
5.0 Diskusjon	17
5.1 Kva er innsats i kroppsøving?	17
5.2 Korleis vurderer du innsatsen hjå elevane?	20
5.3 Svakheitlar ved forskinga	21
5.4 Framtidig forskning.....	21
6.0 Konklusjon	22
7.0 Referanseliste	23
7.0 Vedlegg	24

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av problemstilling/oppgåve

Hovudgrunnen til at eg har valt å skrive om innsats i kroppsøving er fordi innsats er eit veldig omdiskutert tema, og har fått mykje merksemd i media, blant anna på grunn av det mange meiner er ein urettferdig vurderingspraksis når det kjem til fordeling og vektlegging av eleven sine ferdigheiter, innsats og kunnskap (Annerstedt, 2010). Med urettferdig vurderingspraksis meiner Erlend Vinje (2012) at det er stor uklarheit rundt kva som er relevante elevføresetnadar. Eg skal sjølv verte kroppsøvingslærer, og det er veldig viktig for meg å verkeleg forstå vurderingskriteria generelt, og innsats spesielt. Kva er eigentleg innsats, og kva må eg sjå og forstå for å vurdere innsatsen hjå elevane?

Ein annan grunn for at eg har valt å skrive om innsats i kroppsøving er fordi eg lurar veldig mykje på om elevane veit korleis dei skal yte god innsats, samt om dei veit kva innsats er, og kvifor det vert vurdert. Få andre (tidlegare) studiar har tatt med elevane i undersøkinga si, så difor synst eg at det er viktig å få fram elevane sine meiningar og forståingar rundt temaet innsats.

1.2 Anbefalingar

Helsemyndighetene har kome med anbefalingar på 60 min aktivitet per dag hjå barn og unge. Minst tre gongar i veka bør aktiviteten vere på høg intensitet, derav økter som gir auka muskelstyrke og styrkjer skjelettet (helsedirektoratet.no). Utdanningsdirektoratet innførte «fysisk aktivitet og sunne måltider i skolen» i 2004. «Målet med dette prosjektet er å utvikle modeller, der daglig fysisk aktivitet og gode rammer for sunne måltid er integrert i skolehverdagen. Modellene skal bidra til at helsemyndighetenes anbefalingar om 60 minutter daglig fysisk aktivitet og retningslinjene for skolemåltidet blir kjent» skriv utdanningsdirektoratet i sin rapport frå 2004. Frå 8.-10.klasse er timetalet 228 timar. Kroppsøvingfaget skal fyrst og fremst hjelpe elevane med å fremje helsa, men også å få eit innblikk i kva fysisk aktivitet kan gjere med kroppen, helsa og livskvaliteten. I kroppsøving lærer elevane ferdigheiter og haldningar som dei kan ta med seg resten av livet. Dette inneber fair play, samhandling og innsats (Fagforum kroppsøving Aust-Agder, 2013).

1.3 Problemstilling og formål

Hypotesen min i denne oppgåva er at lærarane har ulike meiningar om korleis dei vurderer innsats. Eg trur også at lærarane vil tolke omgrepet *innsats* på forskjellige måtar, samt at dei vil ha ulikt syn på kvifor ein vurderer innsats. Men alt i alt trur eg at dei veit godt kva innsats er, kvifor skal ein vurdere det, og korleis ein vurderer det. Når det kjem til elevane trur eg at dei kjem til å svare meir variert. Eg trur elevane vil vere usikre på kvifor ein vurderer innsats, og dei er kanskje usikre på kvifor ein skal vurdere innsats. Eg trur elevane veit kva innsats er, men å sjå innsats i kroppsøvingssamanheng kjem til å vere litt vanskelegare å forklare.

Eg har valt å intervjuje kroppsøvingslærarar og eit utval av elevar på to forskjellige ungdomsskular i Nordland, samt å gi ut spørjeskjema til alle elevane i 8.klasse og 10.klasse på dei to forskjellige skulane. Eg kjem til å drøfte kva innsats er, kvifor ein vurderer innsats og korleis vurderer ein innsats.

Det er òg viktig å få ei forståing av kva *vurderingsarbeid* er for noko, og i forskrift til opplæringslova §3-3, står det:

Grunnlag for vurdering: Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanen for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. §1-1 eller §1-3. «I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadene til den enkelte, fråvær eller forhold knytta til ordenen og åtferda til eleven eller lærlingen vere ein del av grunnlaget for vurdering. I faget kroppsøving skal innsatsen til elevane vere ein del av grunnlaget for vurdering». (Forskrift til opplæringslova, 2012).

Både dei samla kompetansemåla og innsatsen til elevane skal vere grunnlaget for vurderinga i kroppsøving. Difor vert då problemstillinga mi: «Kva legg lærarar og elevar i omgrepet innsats i kroppsøving?» Eg har valt å ta med elevane sine meiningar og forståingar av innsats, fordi det er få andre studiar som har tatt med kva elevane meiner. Det er tross alt elevane som skal yte innsatsen, så eg synest det er viktig å få med om elevane sjølve veit kva som vert lagt i innsats og om dei veit korleis lærarane vurderer innsats.

2.0 Teori

I denne delen av oppgåva vil eg ta for meg tidlegare læreplanar i kroppsøvingfaget med fokus på innsats, samt vurderingsarbeid i kroppsøvingfaget og tidlegare forskning. Eg vil óg prøve å forklare kva innsats i kroppsøving er, og korleis elevane kan oppnå ein god innsats i kroppsøvingstimane.

2.1 Tidlegare læreplanar

Innsatsomgrepet har vore fram og tilbake innetter i læreplanen i kroppsøving. Frå 2006-2012 skulle ein ikkje vurdere innsatsen, men etter den reviderte læreplanen som kom 13. august 2012, skulle ein altså vurdere innsatsen. Dei norske læreplanane i kroppsøvingfaget har hatt ulike faglege vektleggingar opp igjennom åra, med blant anna vektlegging av haldningar, samarbeidsvilje, innsats, ferdigheiter, teori og føresetnadar. Desse vektleggingane har vorte endra fleire gongar. Claes Annerstedt (2010) skriv at det er mykje som skjer i kroppsøvingstimane, og det er vanskelig å bedømme alt som skjer i timane, og difor må det skje eit utval av kva som skal bedømmast i timane. «Alle læreplaner bygger på en oppfatning om hva kunnskap er, og hvordan læring skjer, og et karaktersystem avspeiler som regel gjeldende kunnskapssyn» (Ibid). Læreplanar er læraren sin «arbeidsreiskap», og gir retningslinjer for korleis ein skal arbeide med faget.

Då Kunnskapsløftet kom i 2006, skulle innsats vere ein del av vurderingsgrunnlaget i kroppsøving. I «Udir-1-2010» står det «i 1994 ble det gjennomført en omfattende omlegging av skolesystemets videregående opplæring, og det ble utviklet en ny læreplan i kroppsøvingfaget som felles allment fag i videregående opplæring» (Utdanningsdirektoratet, 2010, p.5). I læreplanverket (R94,1994) skulle ein leggje vekt på: «kunnskap», «ferdigheiter», «samarbeidsevne» og «innsatsvilje». Innsatsvilje og samarbeidsvilje skulle telje 33.33% av karakteren (R94,1994).

I 1996 kom læreplanverket for den 10-årige grunnskulen (L97). Då skulle ein leggje vekt på desse kriteria: «ferdigheiter», «innsats» og «kunnskap». Eksamenssekretariatet (1998) anbefalte ungdomsskulelærarar å ha denne vektlegginga; ferdigheiter skulle vege 40%, innsats skulle vege 40% og kunnskap skulle vege 20%. (By, Nygaard, & Strømskag, 1998).

Med innføringa av Kunnskapsløftet i 2006 blei L97 erstatta. Då fekk grunnskulen og den vidaregåande opplæringa ein felles læreplan. Det som kom då, var kompetansemåla på kva elevane skulle kunne etter 2., 4., 7., 10. trinn på grunnskulen, og etter Vg1., Vg2., og Vg3. Desse kompetansemåla skulle vere grunnlaget for vurdering i faget, men i grunnskulen skulle det i tillegg leggjast vekt på eleven sine føresetnadar (Leirhaug, 2012). I forskrift til opplæringslova kap. 3: vurderingsforskrifta, vart det gjort klart at arbeidsinnsatsen i timane skulle knytast til ordenskarakteren og ikkje fagkarakteren. (Utdanningsdirektoratet, 2010, pp.13-14).

13.august 2012 kom Utdanningsdirektoratet med ein revidert læreplan. Då kom det endringar i kroppsøvingfaget. Det står i §3-3 i forskrifta at innsats skal vere ein del av grunnlaget for vurdering. Denne reviderte læreplanen er i dag, den gjeldande læreplanen i den norske grunnopplæringa for grunnskulen og vidaregåande opplæring i kroppsøvingfaget. Det som kan virke litt uklårt med denne reviderte læreplanen er at der står ingenting om kor mykje ein skal vektleggje dei ulike kriteria; «ferdigheiter», «innsats» og «kunnskap». Det er då opp til lærarane sjølve å vurdere kva dei skal leggje mest vekt på. (Turøy, 2012).

2.2 Innsats og tidlegare forskning

Innsats er eit omdiskutert tema innanfor kroppsøving er. Fram til 2006 skulle innsats vere eit av vurderingskriteria i kroppsøving, men frå 2006-2012 skulle ikkje innsats vere ein del av grunnlaget for vurdering i kroppsøving. «Udir-1-2010» skriv i §3-3 andre ledd ikkje omhandlar innsats:

«... heller ikke innsats i faget skal trekkes inn i vurderingen i faget. Innsats er i mange tilfeller en forutsetning for å vise kompetanse, men det betyr ikke at en elev som er mer aktiv enn andre, skal få bedre karakter på dette grunnlaget.»

Vidare står det: «Den innsatsen som vil være nødvendig forutsetning for å vurdere elevens kompetanse, er det dessuten mer nærliggende å omtale som aktivitet, og det blir da enda tydeligere at dette ikke skal trekkes inn i vurderingen i faget». (Utdanningsdirektoratet, 2010, pp.13-14).

Kunnskapsdepartementet fastsette ein revidert læreplan i kroppsøving 13.juni 2012. Denne reviderte læreplanen vart tatt i bruk frå og med skuleåret 2012/2013. I denne læreplanen kjem det tydeleg fram at innsats skal verte eit av vurderingskriteria for grunnlaget i karakteren i kroppsøving. Den reviderte føremålsskildringa i læreplanen skriv dette: «Opplæringa skal gje elevane eit utgangspunkt for livlang rørsleglede og meistring ut frå eigne føresetnader. I den særlege vurderingsordninga som gjeld for dette faget, er dette ivareteke ved at innsatsen til elevane er ein del av grunnlaget for vurdering» (Kunnskapsdepartementet, 2012).

Innsats vert definert i den norske ordboka som «ytelse som bidrar til noe» og «krafttak». Men, kva er egentleg innsats i kroppsøving? På den reviderte læreplanen §3-3 andre ledd, andre punktum blir innsats skildra slik:

«Innsats i faget kroppsøving innebærer at eleven prøver å løse faglige utfordringer etter beste evne uten å gi opp, viser selvstendighet og utfordrer egen fysisk kapasitet. Det innebærer at eleven samarbeider med andre og bidrar til at andre lærer i faget».

[...] «Ved å gjøre innsats til en del av grunnlaget for vurdering, i tråd med formålet med faget, kan elever ha mulighet til å oppnå en god karakter i faget til tross for lav kompetanse og med forutsetninger som gjør det vanskelig å ha høy måloppnåelse».

Erlend Vinje (2013) har skrive artikkelen «Urettferdig vurderingspraksis i kroppsøving», der han har kome fram til fem grunnar til at vurderingspraksisen i kroppsøving ikkje er rettferdig. Uklårheit, kompetansemål, kriterier, fysiske testar og ipsativ vurdering (vurdering der ein vurderar utviklinga som eleven har hatt, og ikkje den endelege grada av måloppnåing) er dei fem grunnane. Uklårheit i kva som er relevante elevføresetnadar, lærarar kjenner at dei ikkje klarar å gi rettleiing opp i mot kompetansemåla, lærarar har ulik bruk av kriterier og vektlegging av kriterier, det finst ingen felles mal på kva ein fysisk prestasjon er verdt, i form av karakter og den siste grunnen er ipsativ vurdering.

Vinje har òg gjennomført «Osloundersøkelsen» (2008), der det kom fram at innsats er det kriteriet som blir lagt mest vekt på av ungdomsskulelærarar. Der 40,9% av karakteren er knytt til innsats, 40,5% av karakteren er knytt til ferdigheiter og 18,5% av karakteren er knytt til kunnskap (Vinje,2008). Denne undersøkinga var gjort då retningslinjene var at innsats ikkje skulle vektleggjast i kroppsøving.

Petter Erik Leirhaug (2013) har skrive artikkelen «Hvorfor innsats i kroppsøving?», der han har kome med tre døme på kvifor innsats er viktig i kroppsøving. «Ballen er ikke dø, før ballen er dø» (Ibid) er første eksempel, og det han meiner er at utøvaren yt sitt beste, så lenge aktiviteten pågår. «Løp uten læring har verdi» (Ibid) er andre døme, at eleven fortset å springe på bana, trivst med å kunne delta, dette igjen kan gi vidare meining i eit folkehelseperspektiv. Det siste døme er «Å være god er også å være en god sparringspartner» (Ibid). Eleven si kompetanseutvikling er avhengig av at andre elevar yt innsats og opptrer målretta ut ifrå aktiviteten sin logikk.

Leirhaug (2013) argumenterer vidare om kvifor innsats skal telle på karakteren og vurderinga i kroppsøving, når det ikkje gjer det i andre fag, slik: «Kroppsøving skiller seg litt frå andre fag, ved at kroppen er fagets viktigste redskap, og ved at opplæringen tar sikte på å skape bevegelsesglede og legge grunnlag for aktiv livsstil ut fra egen forutsetning. Faglige oppgaver forventer at elevene bruker og uttrykker seg med sin egen kropp, noe som gjør kroppsøving en smule mer personlig og emosjonelt enn fag som matematikk og samfunnsfag».

I følge Leirhaug (2013) er kroppsøving eit meir personleg fag, og er då annleis enn andre fag. Innsats kan også verdsetjast ved vurdering og karaktersetting, og kan gi elevane ytre motivasjon til auka deltaking, som igjen kan føre til indre motivasjon ved at elevane utviklar seg.

Inge Turøy har skrive artikkelen «Nye vurderingskriterier i kroppsøving fra 2012. Hvordan kan vurderingen praktiseres?» Her har Turøy kome fram til er at det ikkje står nokon plass i rundskrivet om korleis innsats skal trekkast inn, og kor stor del av karakteren som skal setjast på grunnlag av innsats. Då vert det opp til kvar enkelt lærar å skulle finne ut korleis ein løyser dette. Turøy har kome med to moglege løysingar på dette:

«1. Udir lager konkrete retningslinjer for vurderingen, for eks. noe i retning slik det var før 2006 med 1/3 innsats, 1/3 ferdigheter og 1/3 kunnskap. Vurderingsarbeidet var betydelig enklere da».

2. Det innføres bestått/ikke bestått med krav om deltagelse» (Turøy, 2012)

Turøy (2012) skriv òg at «slik det er nå, handler altfor mye av undervisningen om at elevene skal ha karakter».

Leirhaug kommenterer artikkelen «Nye vurderingskriterier i kroppsøving fra 2012. Hvordan kan vurderingen praktiseres?» til Turøy, med ein artikkel «Ferdigheter, innsats og kroppsøvingens nye klær», der han skriv at ein kanskje må tenke vektlegging av innsats på andre måtar enn berre brøk og prosent. Då kom han med eit døme om at ein bør prøve ein time med Tai Chi. Her får elevane prøve noko dei ikkje har prøvd før, og då vert det logisk å vektlegge innsats. Då kan lærarane vurdere elevane sitt engasjement, haldning til nye aktiviteter og vilje til å prøve noko nytt. (Leirhaug, 2013).

Fagforum kroppsøving Aust-Agder har skriva eit brev til blant anna UDIR. «Kroppsøvingfagets utfordringer». Her tek dei opp fleire døme på kva som kan vere vanskeleg for ein kroppsøvingslærer når ein skal vurdere ein elev i kroppsøvingstimane. For store klassar og fag/vurderingssamtalar er to av argumenta dei kjem med. Med ein klassestorleik på eit snitt med 30 elevar, meiner fagforumet kroppsøving i Aust-Agder, er for stort. For det første må ein skilje elevane med namn og etter ein har lært seg alle namna, må ein, etter berre nokre månadar, ha undervegsamtalar med alle elevane. 60 timar i året berre i samtaletid, som skal verte praktisert ved berre nokre dagar. Dette er «umogleg», i følgje Fagforumet i Aust-Agder. (Fagforum for kroppsøving Aust-Agder, 2013).

Den største utfordringa er å vurdere dei elevane som likar å trene åleine i eit styrkerom, dei elevane som heller vel å bruke tida på teorioppgåver, og dei elevane som vel å gå ein tur, istadenfor for å bli med på den ordinære undervisinga. (Fagforum kroppsøving Aust-Agder(vgo),2013).

3.0 Metode

3.1 Forskingsdesign

Når ein skal samle inn data ved ei forskning skil ein mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Ved kvantitativ metode er ein oppteken av å telje opp fenomen. Men er samstundes tilpassa at mennesket og menneskelege fenomen er det som skal studerast. For å framstille resultatet nyttar ein seg av tal og statistikk. Kvalitativ metode seier noko om kvalitet eller spesielle kjenneteikn/eigenskapar ved det fenomenet som skal studerast. Når ein skal undersøkje noko som ein ikkje kjenner så særleg godt i frå før, er kvalitativ metode ei god metode å bruke (Johannessen et.al., 2010). Mitt spørjeskjema(vedlegg nr 1) er eit semistrukturert-spørjeskjema fordi ein både har opne og pre-koda spørsmål. Opne spørsmål er spørsmål der respondenten kan skrive sjølv kva ein vil, mens pre-koda spørsmål er avkryssingar, der eg som forskar har skrive oppgitte svaralternativ på nokre av spørsmåla. Ulempa med pre-koda spørsmål er at respondenten må tilpasse sine svar, til dei svaralternativa som eg har gitt. Og det gir ikkje moglegheit til å fange opp informasjon utover dei gitte spørsmåla og svaralternativa (Johannessen et al., 2010).

For å få meir data har eg òg intervjua kroppsøvingslærarar og elevar. Det kvalitative forskingsintervjuet er ein samtale med ein struktur og eit føremål (Kvale og Brinkmann. 2009). Når ein brukar intervju får ein fyldigare og detaljerte svar fordi informanten får uttrykke seg munnleg. Eg som intervjuar stiller spørsmål, og får svar frå informanten, og då vert det meir som ein dialog enn reine spørsmål og svar (Johannessen et al., 2010) Som forskar valde eg semistrukturert intervju. Det vil seie at eg har ein intervjuguide som utgangspunkt, men spørsmåla, tema og rekkefylgja kan variere ut ifrå kva informanten svarar. (ibid.) Eg vil også få ei større forståing, samt eg aukar kunnskapen min rundt temaet. Veikskapar med intervju kan vere fleksibiliteten. Det vil seie at eg som forskar ikkje har eit skreddarsydd intervju til kvar enkelt respondent (Johannessen et al., 2010).

3.2 Spørjeskjema

Spørjeskjemaet mitt (vedlegg nr. 1) til elevane er spørsmål om både innsats, døgnrytme, matinntak (frukost) og om dei driv med organisert idrett utanom skulen. Eg hadde ein kombinasjon av både opne og pre-koda(lukka) spørsmål. Dei opne spørsmåla handla om innsats, der elevane kan skrive meir fyldig om kva dei legg i omgrepet osb. Dei pre-koda spørsmåla er avkryssingss spørsmål om kroppsøvingsfaget. Alle spørsmåla har eg tenkt nøye igjennom, og prøvd å formulere dei så godt som mogleg, for å unngå misforståingar/ ulike tolkingar av spørsmåla. Før eg sendte ut spørjeskjemaet mitt testa eg det ut først, som ein pilot-test. Då testa eg om spørsmåla var vanskelege, eller greie å forstå. Eg testa også ut designet på intervjuet. Den eg testa det ut på var i same aldersgruppe, som dei eg skulle gi ut spørjeskjemaet mitt til. Grunnen til at eg har ein del spørsmål som ikkje har noko med undersøkinga mi å gjere, er fordi rettleiaren min skal bruke dei spørsmåla til ei vidare forskning.

3.3 Utval

Sidan eg sjølv skal bli lærar på ungdomsskuletrinnet, var det veldig naturleg for meg å velje ungdomsskuleelevar og lærarar til å bli med på undersøkinga mi. Ungdomsskulen i Nordland fekk eg kjapt svar ifrå noko som gjorde at eg fekk gå raskt i gong med spørjeundersøkinga. Sidan eg skal gi ut spørjeskjema til elevar under 18 år, måtte eg fyrst sende ut eit skjema til foreldra til elevane (vedlegg nr 2). Etter eg hadde fått inn alle underskriftene frå dei foreldra som ynskja at barnet sitt skulle delta i undersøkinga, kunne kroppsøvingslæraren sende ut spørjeskjemaet til elevane. Sidan eg vil ha mest mogleg respondentar tok eg kontakt med ein annan ungdomsskule i Nordland. Rektor gav meg klarsignal, og eg kunne ta kontakt med han som har ansvar for kroppsøvingsavdelinga. Eg ringde han, og han var positiv til å delta på dette. Det same måtte eg gjere her, fyrst eit skriv til foreldra, deretter kunne læraren gi ut spørjeskjemaet. Totalt fekk eg 202 spørjeskjema, og eg intervjuar seks kroppsøvingslærarar på dei to ungdomsskulane i Nordland. Samt eg intervjuar åtte elevar på den eine ungdomsskulen.

På den fyrste ungdomsskulen går der 20 elevar i 8.klasse, og 22 elevar i 10.klasse. Eg fekk inn 17 spørjeskjema i åttande, og 14 spørjeskjema i tiande. På den andre ungdomsskulen går der 101 elevar i 8.klasse, og 118 elevar i 10.klasse. Eg fekk inn 74 spørjeskjema i 8.klasse, og 97 spørjeskjema i 10.klasse. Med andre ord, eit stort utval. Grunnen til at eg valde og sjå på 8.klasse og 10.klasse, var for å sjå om det var noko skilnadar på fyrsteårselevar og sisteårselevar.

3.4 Etikk

Når eg skulle sende spørjeskjemaet til lærarane, sendte eg i tillegg eit informasjonsskriv om rettane til respondentane. På dette skrivet skreiv eg at all informasjon vil verte anonymiserte, dei fekk lov til å trekkje seg utan grunn og når dei ville, det var frivillig deltaking, og at all data vil verte sletta etter eg har levert inn oppgåva mi. Eg skreiv også kven som var ansvarleg for undersøkinga og kva studiet handlar om.

3.5 Måleutstyr

På intervjudelen brukte eg mobiltelefon til å ta opp lyden med. Etter eg var ferdig med å intervjuje alle lærarane og elevane, hørte eg opptaka på mobiltelefonen min. Eg hadde óg ein intervjuguide (vedlegg nr. 3 og 4) som eg hadde med meg når eg skulle intervjuje lærarane og elevane. Den fylgde eg ikkje slavisk, men hadde den som ei hjelp om eg ikkje hugsa kva eg skulle spørje om. Intervjuguiden for lærarane og elevane var ikkje identiske (Vedlegg 5). Ein intervjuguide er ei liste over tema og generelle spørsmål (Johannessen et al., 2010;139). Elevane i 8.klasse og 10.klasse tok eit spørjeskjema (vedlegg nr. 1) som eg hadde laga, der dei svarte både på opne og lukka spørsmål.

3.6 Protokoll/prosedyre

Når eg skulle lage spørjeskjemat til elevane henta eg idéar frå tidlegare studier. Når eg skulle lage spørjeskjemaet til elevane lånte eg nokre spørsmål frå tidlegare studier, men når det gjaldt innsats-biten fant eg spørsmåla sjølv. Dette var ein lang prosess, der eg måtte tenkje

mykje igjennom kva spørsmål eg skulle ha med, og kva spørsmål som eg ikkje trengde. Eg sette opp både opne og lukka spørsmål. Dette for å få det litt variert, slik at elevane ikkje skulle bli leiende då dei tok spørjeskjemaet mitt. Eg spurte spørsmål slik eg kunne få eit innblikk i kunnskapen om innsats hjå elevane, og spørsmål slik eg kunne svare på oppgåva mi.

3.7 Analyse

Alt datamaterialet mitt behandla eg i Excel og Word. Figurar og statistiske berekningar laga eg i Excel. Eg laga sektordiagram og tabellar for å få det på ein fin og oversiktleg måte. Eg valde å vise prosenttal, fordi det er lett å lese, og å forstå. Vidare samanlikna eg datamateriale frå elevane og lærarane, for å sjå på likskapar/ulikskapar om innsatsen. Og etter det såg eg på kva elevane svarte på dei ulike spørsmåla på spørjeskjemaet. For å forhindre at andre skal kunne kjenne igjen informantane sletta eg all data, då forskinga var ferdig. Og eg makulerte eventuelle utskrifter.

3.8 Validitet

Validitet er kor valid ein studie er. Altså, om eg som forskar har klart å måle det eg skal måle. Utvalet mitt representerer den målgruppa eg skulle undersøke, noko som gjer at spørjeskjemaet og intervjuet mitt blir målt som ei valid forskning. Etter som eg fekk inn 202 spørjeskjema, og intervjuar seks kroppsøvlingslærarar, og åtte elevar vil eg seie at denne studien er valid. Eg fekk god innsikt i korleis elevane tolka innsatsomgrepet, og korleis lærarane tolka innsatsomgrepet.

På intervjuguiden fekk eg med relevante spørsmål, som skulle belyse problemstillinga mi, og temaet. Å validere er å kontrollere, stille spørsmål og teoretisere (Kvale & Brinkmann, 2009). Eg las veldig mykje om innsats, både av artiklar og tidlegare forskning, for å få god kjennskap om innsats. Intervjuguiden testa eg ut på førehand, slik eg viste at eg hadde fått med spørsmål som svarte på problemstillinga mi.

3.9 Reliabilitet

Reliabilitet målar kor påliteleg målinga er (Blindheim,2013). Det vil seie at ein annan forskar kan gjere akkurat den same forskinga som meg, og få identiske svar. Det kan vere problematisk ved eit spørjeskjema. Dette fordi då må forskaren ta akkurat det same spørjeskjemaet, med dei same informantane, og bør gjere det innan kort tid etter at den førre forskinga har vorte gjort. Om forskaren ventar ei lengre periode med å sende ut det same spørjeskjemaet til dei same informantane, kan informantane ha endra mening, og vil då ikkje svare nøyaktig det same som dei gjorde tidlegare. Då vil resultatet endre seg. Resultatet vil òg endre seg om ein ikkje brukar det same utvalet som meg. At ein for eksempel brukar VGS-elevar, istadenfor ungdomsskuleelvar. Eg har eit representativt utval, noko som er styrka i mi forking. Og det vil vere mogleg for andre å få nokså like svar, ved ei anna forking. Bortsett frå om innsatsomgrepet plutselig ikkje skal vere med som ein del av vurderingsgrunnlaget, igjen.


4.0 Resultat

Spørjeundersøkinga vart gjennomført i 8.klasse og i 10.klasse på to ungdomsskular i Nordland. Der det var totalt 202 elevar med, derav 55% gutar og 45% jenter.




Figur 1: Viser kva alle elevane svarte på kva innsats i kroppsøving er.

45% av elevane meiner at innsats i kroppsøving er å gjere det beste ein kan/at ein prøvar, men også at ein ikkje gir opp. 18% meiner at innsats i kroppsøving er at ein er engasjert, er blid og positiv, og at ein hjelp andre medelevar. Feilkjelder er dei som ikkje har svart, eller har kome med tuellesvar, på kva dei legg i omgrepet innsats.



Figur 2: Viser kva lærarane svarte på kva innsats i kroppsøving er.


Figur 2 viser at 50% av lærarane meiner at innsats i kroppsøving er å gjere det beste ein kan, 16% av lærarane meinte at innsats er å gå utanfor komfortsonen, mens 17% av lærarane meinte at innsats er å gjere det ein får beskjed om, og å hjelpe andre, samt at innsats er det som gjer at ein kjem i aktivitet.



Figur 3: Viser prosent kjønnsforskjeller for forskjellige utsagn, som beskriver innsats. Mørke søyler representerer gutar, og grå søyler representerer jenter.


Tabell 1: Viser kva lærarane svarte på «Kva er innsats i kroppsøving», då dei vart intervjuet og kva elevane svarte på «kva er kroppsøving», då elevane vart intervjuet.

Utsagn,lærarar:	Utsagn elevar:
Gjere det beste ein kan	Gjere det beste ein kan
Gå utfor komfortsonen	Pushe seg sjølv
Deltaking	Gjere det ein får beskjed om
Yt sitt beste, uansett føresetnadar	Vere aktive i timane
Det som gjer at ein blir i aktivitet	Prøve å hjelpe andre medelevar
Hjelpe andre elevar	Initiativ



Figur 4: Viser kor morosamt det er med kroppsøving på skulen.


58% av elevane er heilt einige i at kroppsøving er morosamt, 32% av elevane er einige i at kroppsøving er morosamt, 6% av elevane er i tvil om dei synest at kroppsøving er morosamt, mens 4% er ueinige eller heilt ueinige i at kroppsøving er morosamt.



Figur 5: Viser om elevane vil ha lekser i kroppsøving.


72% av elevane er heilt ueinige i at ein bør ha lekser i kroppsøving, 16% av elevane er ueinige i at ein bør ha lekser i kroppsøving, 6% er i tvil om ein bør ha lekser i kroppsøving og

6% av elevane er heilt einige eller einige i at ein bør ha lekser i kroppsøving.



Figur 6: Viser om elevane hjelp andre medelevar i kroppsøvingstimane.

52% av elevane er heilt einige, eller einige i at dei hjelp andre medelevar i timane, 35% er i tvil om dei hjelp andre i kroppsøvingstimane, 13% av elevane er ueinige eller heilt ueinige om dei hjelp andre medelevar i kroppsøvingstimane.



Figur 7: Viser om elevane synast at det ikkje gjer noko om dei skulkar ein kroppsøvingstime.

79% av elevane er heilt ueinige eller ueinige i at det ikkje er greit å skulke ein

kroppsøvingstime. 10% av elevane er heilt einige og einige i at det er greit å skulke ein kroppsøvingstime. 11% av elevane er i tvil om det er greit å skulke ein kroppsøvingstime.

5.0 Diskusjon

5.1 Kva er innsats i kroppsøving?

Innsats i kroppsøving er eit omgrep som kan tolkast på mange ulike måtar. I kroppsøving er innsats noko spesielt. Elevane må yte ein god innsats, for å få middels måloppnåing (karakter 3 og 4) i faget. Kva då om lærarane ikkje er samde i korleis ein skal forstå omgrepet innsats? Korleis tolka elevane omgrepet innsats? Om lærarane har ulik tolking om omgrepet innsats er konsekvensane store. Mange av elevane vil kunne få ulike karakterar, der lærarane har vurdert og vektlagt forskjellig, der elevane kanskje burde ha fortjent den same karakteren. Nokre av lærarane vektlegg å rydde opp etter timen, mens andre lærarar vektlegg det ikkje. Då vil ein elev som ryddar etter seg, få ein betre karakter, enn ein annan elev som kanskje er like god i kroppsøving, men ryddar ikkje opp etter kroppsøvingstimane.

Eg kjem til å nemne det lærarane fortalde fyrst, og deretter kjem eg til å nemne kva elevane fortalde. Det første eg la merke til var at lærarane var nesten samstemde i kva dei legg i omgrepet innsats, men nokre av lærarane var enda meir spesifikke enn andre, og fekk med mykje av det som står på rundskrivet «Udir-08-2012» (reviderte læreplanen, august 2012, udir). Eg kjem til å referere læreplanen som rundskrivet «Udir-08-2012» vidare i oppgåva.

Informant A: « *Innsats går ut på at ein yt sitt aller beste. Tørre å gå utfor komfortsonen sin. Presse seg*».

Informant B: « *Innsats er det som gjer at ein er i aktivitet. Om ein er i aktivitet yt ein innsats, men om ein ikkje er i aktivitet, yt ein ikkje innsats. Ser mest på det fysiske i timane*».

Informant C: « *Innsats er å være med i timane. Være aktiv, delta, men også å hjelpe andre medelevar i timane*».

Informant D: «Yte sitt beste, uansett føresetnad».

Informant E: « Innsats er deltaking, utan syting. Ser på at andre elevar hjelp andre, noko som er tydeleg i mine timar. At elevane ikkje kjeftar på kvarandre, og at elevane ryddar opp etter seg, er også viktig.

Det lærarane var samstemde om, når det gjaldt innsats var at elevane gjer sitt beste, og er aktive i timane (figur 2). På rundskrivet «Udir-08-2012» står der tydelig at «eleven skal løse faglige utfordringer etter beste evne uten å gi opp». Leirhaug (2013) skriv i sin artikkel «Hvorfor innsats i kroppsøving» at ballen er ikkje død, før ballen er død. Det forklarar han med at utøveren skal yte sitt beste, så lenge aktiviteten pågår.

Det er tre av informantane (informant B, C og E) som har sagt at dei tenkjer/ser på samarbeid i timane. Det at andre elevar, hjelper andre medelevar i timane. «Udir-08-2012» stadfestar dette: «Det innebærer at eleven samarbeider med andre og bidrar til at andre lærer i faget» (Utdanningsdirektoratet,2012) Dei andre informantane har nemnt fairplay, men sidan det ikkje er nemnt i «Udir-08-2012», vel eg å tolke det slik at dei andre informantane kanskje ikkje kjenner godt nok korleis rundskrivet har skildra innsats i kroppsøving.

Ein av informantane (informant E) har nemnt at innsats også kan vere at elevane ryddar opp etter seg i timane. Dei andre informantane ser ikkje på dette, når dei skal vurdere innsats.

Innsats i kroppsøving må ein sjå på ein spesifikk måte. Eg meiner at lærarane ser på innsats ut i frå eit breidare, og større perspektiv, enn det som er beskrevet i rundskrivet. Lærarane ser innsats ut ifrå egne erfaringar, då dei fleste av informantane har drive med idrett store delar av livet, og ein av informantane har våre trenar.

Elev nr.1: «Prøve det ein kan. Gjere det lærarane sei ein skal gjere. Hjelp medelevar, med gode kommentarar».

Elev nr .2: «Møte opp til timen, vere aktiv, delta. Gjere det beste ein kan. Hjelp medelevar».

Elev nr. 3: «Må vere med. Ta initiativ til å gjere aktivitetane i timane.»

Dette er nokre av utsegna til elevane eg intervjuar. Dei fleste elevane sa at innsats var å hjelpe medelevar, om dei såg at dei trengde hjelp (figur 1). Rundskrivet stadfestar dette: «Den enkelte elev er avhengig av at de andre elevene yter innsats, og opptrer målrettet ut fra aktivitetens logikk for at den enkelte skal kunne utvikle kompetansen sin». Når eg spurde

elevane om dei visste kva tre kriterier karakteren skal leggjast til grunnlag for, var det ingen av elevane som visste det. Dei tre kriteria er kunnskap, innsats og haldningar. Fleire av elevane vart sjokkerte då eg sa til dei at haldningar også skulle telje på karakteren. Kanskje er dette noko som lærarane må opplyse om? Slik at elevane er oppmerksom på det.

Eg spurde òg elevane om dei var einige om at ein skal ha lekser/prøver i kroppsøving. Då fekk eg eit solid «nei» frå alle elevane (figur 5). Men då eg snudde spørsmålet, og spurte dei om det var greit å gjere ei fysisk heimelekse, til dømes å gå på ein fjelltopp, eller å gå ein kveldstur, var alle elevane positive! Er dette noko ein burde vurdere å få inn i kroppsøvingstimane? Kanskje kan det hjelpe (spesielt) dei elevane som slit litt i kroppsøvingstimane, med å få ein indre og ytre motivasjon?

Når elevane skulle svare på kva dei la i omgrepet innsats, følte eg at dei svarte meir konkret og spesifikt, enn det lærarane gjorde.

Hypotesen mi var at lærarane visste godt kva innsats var, mens elevane kanskje var litt usikre. Når eg ser på datamaterialet eg har samla inn, ser eg at elevane svarar meir spesifikt og konkret på kva innsats er. Dette kan vere fordi elevane ikkje tenkjer så nøye i gjennom det dei seier, eller det kan vere at elevane går ut ifrå sine egne erfaringar rundt innsats. Dei har kanskje opplevd sjølv at nokon vil hjelpe dei om dei slit med ein øvelse i kroppsøving. Kanskje har dei sjølve hjelpt nokon. Dei gjer sitt beste kvar time, og dei likar kroppsøving som fag på skulen generelt (figur 4).

Når det kjem til lærarane svarar dei greit for seg. Dei fleste av lærarane sa at innsats er å gjere det beste ein kan i timane. Det er for så vidt sant, men innsats i kroppsøving er så mykje meir enn å berre gjere sitt beste! Ein må hjelpe andre, og den enkelte elev er avhengig av at andre viser innsats. Lærarane skildrar innsats mindre spesifikt og meir ope. Når det berre er ein lærar som svarar at innsats òg er å hjelpe andre, må dei andre lærarane setje seg betre inn i kva innsats eigentleg er.

5.2 Korleis vurderer du innsatsen hjå elevane?

Då eg spurte informantane om korleis dei vurderte innsatsen hjå elevane, var det mykje forskjellig som kom fram. Alle informantane er einige om at alle har informert elevane om kva innsats er, og kva dei ulike informantane ser etter når det kjem til å vurdere innsatsen. Informant E har sagt til elevane sine at det ikkje er god innsats, om ein (med vilje) ikkje sentrar til dei som ikkje har så god måloppnåing i til dømes fotball.

Informant A: *«Undervegsvurdering, kondis. Måloppnåing; Lav-middels-høg.»*

Informant B: *«Ser mest på kor fysiske dei er, kor aktive. Brukar å lage vurderingskriterier; fairplay, korleis dei oppmuntrar andre elevar. Gir ikkje karakter ut ifrå kven som rydder opp etter seg i timane. I timane mine går det av seg sjølv.»*

Informant C: *«Ser på alt. Brukar cooper-test på tid. Vil at elevane skal sjå sjølv, om det skal bli rydda eller ikkje.»*

Informant D: *«Dei som ikkje har same ferdigheitene, kan oppnå ein god karakter. Kjem langt med ein god innsats. Legg til rette allsidige idrettar, slik at alle elevane får oppleve noko nytt.»*

Informant E: *«Det å sentre til andre elevar, som du veit ikkje er så gode i fotball, er god innsats. Heilskapleg; rydde etter seg, ikkje kjefta på andre elevar, initiativ, deltar.»*

Informant F: *«Brukar å gi undervegsvurdering to gongar i halvåret.»*

Fleire av informantane (informant A, B og C) brukar undervegsvurdering, der dei har delt opp kroppsøving i ulike underkategoriar. Til dømes kondis, dans og styrke. Medan dei andre informantane synest det vert feil at elevane blir «kategorisert» sånn. Vinje (2013) skriv i sin artikkel «Urettferdig vurderingspraksis i kroppsøving» at fysiske testar er urettferdig vurdering fordi det finst ingen felles mal på kva ein fysisk prestasjon er verdt i form av karakter.

Informant F brukar å ha undervegsvurdering to gongar i halvåret, der han tek éin og éin elev, og snakkar med elevane om kva dei eventuelt må bli betre på. Alle informantane har elevsamtalar med elevane, men informant D meiner det kan vere eit problem fordi det er for mange timar som går vekk i elevsamtalar. Fagforum for kroppsøving Aust-Agder (2013) skriv at 60 timar i året går vekk i samtaletid med elevane. Desse 60 timane skal bli praktisert ved berre nokre dagar. Fagforum kroppsøving meiner dette er «umogleg».

Informant D seier også at ein må leggje til rette for allsidig idrett, slik at alle elevane får oppleve noko nytt. Leirhaug (2013) skriv òg dette. Ein må til dømes prøve ein time med Tai Chi, slik at alle elevane får prøve ein heilt ny idrett, og der med er det logisk å vektlegge innsats.

Informant E er den einaste av informantane som gir karakter ut i frå å rydde opp etter seg. I rundskrivet står der ikkje direkte at elevane må rydde etter seg, men der står at elevane må være sjølvstendige og utfordre fysisk kapasitet. Det å følge instruksar og å rydde etter seg, er ikkje ei fysisk utfordring, men det er å vere sjølvstendig. Kanskje skal rydding etter timane vere med i grunnlaget av karakteren. Slik at lærarane ser om elevane er sjølvstendige eller ikkje?

Når det kjem til å vektleggje innsats, er lærarane ueinige. Informant B vektlegg innsats $\frac{1}{3}$ eller $\frac{1}{4}$, medan nokre av informantane ser det litt ann, og dei aller fleste har ikkje nokon fasit dei fylgjer. Det står heller ikkje i rundskrivet, om kor mykje ein skal vektleggje innsats. Dermed blir det opp til kvar enkelt lærar og skule, korleis ein løyser dette (Turøy,2012).

5.3 Svakheitar ved forskinga

Fyrste svakheita ved denne forskinga er antal lærarar eg intervjuar. Eg intervjuar berre seks lærarar, og med tanke på at innsats er kjempeviktig i kroppsøving, kunna eg gjerne ha intervjuar fleire lærarar. Antall spørjeskjema er det meir enn nok av, men eg skulla heller ha hatt spørjeskjemaet på Internett, istaden for i papirform. Forskinga mi er ikkje så veldig reliabel, med tanke på at då burde ein annan forskar ha tatt i bruk mitt spørjeskjema, og eigentleg ha gitt ut spørjeskjemaet til dei same elevane, slik at forskaren skulla fått det same resultatet som meg. Forskinga mi er valid, fordi eg målar det eg skal måle. Eg har fått eit innblikk i kva lærarar og elevar legg i omgrepet innsats, samt eg har fått ei god forståing av kva innsats faktisk er.

5.4 Framtidig forskning

Sidan eg fann ut at elevane svarte meir spesifikt enn lærarane, hadde det vore kjekt å ha ei enda større undersøking. Tenk om enda fleire ungdomsskuleelevar kunne tatt ei spørjeundersøking på Internett, slik ein får med utval ifrå heile Noreg. Det som var urovekkande, var at ingen av elevane som eg intervjuar, visste kva dei tre kriterier for grunnlag for karakter i kroppsøving er. Dette er noko som er veldig interessant å finne meir ut av. Kvifor er det slik at elevane ikkje veit dette?

6.0 Konklusjon

Kva legg lærara og elevar i omgrepet innsats i kroppsøving. Lærarane beskriv innsats som å gjere det beste ein kan og å delta i timane. Ein av lærarane fortel at innsats er heilskapleg; rydde opp etter seg, hjelpe medelevar, vere positiv og fylgje med i timane. Innsats er ein del av denne heilskaplege omkretsen, men når berre ein lærar klarar å beskrive innsatsen så detaljert og så konkret, må dei andre lærarane setje seg grundigare inn i kva innsats egentleg er. I kroppsøving er innsats ein stor del av grunnlaget til karakteren, og difor blir det naudsynt at alle lærarar sett seg grundigare inn i vurderingskriteria. Ein må tolke innsatsomgrepet mellom linjene. Til dømes dette med å rydde opp etter seg. For at ein elev skal kunne vise at ein er sjølvstendig, kan rydding etter timane vere eit hjelpemiddel for å faktisk sjå om elevane er sjølvstendige.

Elevane seier òg at innsats er å gjere det beste ein kan, men dei seier óg at innsats er å hjelpe medelevar, ta initiativ og møte opp. Grunnen til at elevane klarar å beskrive innsatsomgrepet så konkret og detaljert, trur eg må vere at dei ikkje tenkjer så mykje igjennom kva dei egentleg svarar på.

7.0 Referanseliste

- Annerstedt, C. (2010). Karaktersetting i kroppsøving: Problematisk, urettferdig og neppe likeverdig. I K. Steinholt & K. P. Gurholt (red). Aktive liv. Idrettspedagogiske perspektiver på kropp, bevegelse og dannelse (s. 233-254). Oslo: Tapir)

- Fagforum for kroppsøving Aust-Agder (vgo). (2013). Kroppsøvingsfagets utfordringer. (E. Lundtveit, leder) Henta frå: <http://utdanningsnytt.no/debatt/2013/mai/kroppsovingsfagets-utfordringer/>
Publisert 06.05.2013.

- Johannessen, A., Tufte, P.A., Christoffersen, L. (2010) Introduksjon til samfunnsvitenskapelige metode. (4.utgave,2010). 6952 St. Olavs plass, 0130 Oslo, Norge: Abstrakt forlag AS.

- Kvale, S., Brinkmann, S.(2009). *Det kvalitative forskningsintervju* (2.utgave, 3.opplag 2012 ed). 6730 St. Olavs plass, 0130 Oslo, Norge: Gyldendal Akademisk.

- Leirhaug, P.E. (2013). Ferdigheter, innsats og kroppsøvingens nye klær. 63. (nr.1), pp.8-10.
Kommentar: *Kroppsøving (LFF)* Årgang 63, nr.1, s.8-10.

- Leirhaug, P.E. (2013). Hvorfor innsats i kroppsøving? *Hvorfor skal innsats telle ved vurdering og karaktersetting i kroppsøving, når det ikke gjør det i andre fag?*, 63. (3), p.20.
Kommentar: *Kroppsøving (LFF)* Årgang 63, nr.3,s.20.

- Turøy, I. (2012) Nye vurderingskriterier i kroppsøving frå 2012. 2012(Nr.6), pp.20-21.

- Utdanningsdirektoratet. (2012, 13.august) Rundskriv Udir-08-2012:Udir-08.2012-Informasjon om endringer i faget kroppsøving i grunnskolen og videregående opplæring. 9359 Grønland,0135 Oslo, Norway: udir.no.

- Vinje,E. (2012, juni) Revidert kroppsøvingplan-løsning og nye problemer. *Den reviderte læreplanen i kroppsøving gir løsning på omdiskuterte problemer.*
Kommentar: *Lektorbladet(LB)* juni 2012 s.31.

- Vinje, E. (2008) Urettferdig vurderingspraksis i kroppsøving. *Magasin for fag, kultur og danning, (LB)* 7.årgang (Nr.5), s.27-28.

7.0 Vedlegg

Vedlegg nr 1: Spørjeskjema

Spørjeskjema

HALDNINGAR TIL KROPPSØVINGSFAGET:

SPØRJESKJEMA TIL ELEVANE

1: Kjønn: Jente

Gut

2: Er du medlem i eit idrettslag?

Ja	
Nei	

Om ja, kva idrett(er) driv du med?

3: Driv du med konkurranseidrett?

Ja	
Nei	

4: Om du ikkje er medlem i eit idrettslag, driv du med trening utanom skulen?

Ja	
Nei	

5: Likar du kroppsøvingfaget på skulen?

Meget godt	Godt	Sånn passe	Dårleg	Svært dårleg

6: Kor mange timar er du fysisk aktiv utan om skulen i løpet av ei veke? (Med fysisk aktiv meiner eg f.eks symjing, sykling, jogging, styrketrening, organisert trening og fjellturar)

0-2 timar	2-4 timar	4-6 timar	8-10 timar	Over 10 timar

7: Kor mange timar sov du:

Natt til mandag:	
Natt til tirsdag:	
Natt til onsdag:	
Natt til torsdag:	
Natt til fredag:	

8: Et du vanlig frukost før du går til skulen?

Ja	
Nei	

9: Kva av desse måltida eter du?

Frukost	
Lunch	
Middag	
Mellommåltid	
Kveldsmat	

Nr.		Heilt einig	Einig	I tvil	Ueinig	Heilt ueinig
-----	--	-------------	-------	--------	--------	--------------

1	Det er moro med kroppsøving					
2	Eg er ivrig og interresert i kroppsøvingstimane					
3	Kroppsøving er det viktigaste faget på skulen					
4	Eg likar ikkje å slite meg ut i kroppsøvingstimane					
5	Dersom eg ikkje orkar kroppsøving, burde eg sleppe					
6	Vi bør ha lekser i kroppsøving					
7	Eg gjer alltid mitt beste i kroppsøvingstimane					
8	Eg likar å vise kva eg kan i kroppsøvingstimane					
9	Eg hjelper med elevane mine, når dei ikkje får til noko i kroppsøvingstimane					
10	Det gjer ikkje noko om eg skulkar ein kroppsøvingstime					
11	Eg meiner at kroppsøving er det beste faget på skulen					
12	Eg likar å vise kva eg kan i kroppsøvingstimane					
13	Det er unødvendig å gi karakter i kroppsøving					

14	Eg ryddar opp etter meg					
----	-------------------------	--	--	--	--	--

Innsats i kroppsøving:

1. Kva er innsats i kroppsøving?

2. Korleis kan ein oppnå god innsats i kroppsøvingstimane?

3. Korleis trur du lærarane vurderer innsats i kroppsøving?

4. Har innsats noko med kor aktiv du er i kroppsøvingstimane, eller har innsats noko med at ein ikkje gir opp, om ein ikkje får til noko i timane?

5. Tenkjer du noko på at innsats blir vurdert i kroppsøving?

6. I såfall, kva gjer du for å få bra innsats i kroppsøvingstimane?

Vedlegg nr 2: Inforskriv til foreldra

Kva legg lærarar og elevar i begrepet innsats?

Målet med forskninga mi er å intervjuje forskjellige kroppsøvingslærarar, samt nokre elevar, om begrepet innsats i kroppsøving. Samtidig vil eg gi ut spørjeskjema til ungdomsskuleklasser, der eg forsøkar å kartleggje om elevane veit kva innsats er i kroppsøving. Dette vil eg finne ut, fordi innsats er eit av dei tre kriteria som ligg til grunnlag for karaktersetjinga i kroppsøving. Eg vil og finne ut kvifor innsats er med som eit kriterie KUN i kroppsøving, og ikkje i andre fag. Kva er spesielt med kroppsøving?

Forskninga mi vil foregå på Nesna barne- og ungdomsskule, og på Mo ungdomsskule. Då vil eg ha elevar som går i 8.klasse, og elevar som går i 10.klasse. Som eg skreiv tidlegare, vil eg då gi ut spørjeskjema til alle klassene, samt eg intervjuar eit utval av populasjonen. Intervjuet til elevane vil ikkje ta like lang tid, men nok til at eg får ein viss forståelse av kva dei legg i begrepet innsats. Hå lærarane vil eg ha meir dybde og forståelse rundt innsats, og vil då bruke litt lengre tid enn elevane. Korleis vektleggjer lærarane innsats? Kva er eigentleg innsats? Kva må ein gjere for å oppnå god innsats i ein kroppsøvingstime?

Institusjonen som har ansvar for dette forsøket er Høgskulen i Nesna, med Knut Lyng Hansen som hovedansvarleg forskar, og Rita Aakre som forskar. All data og materiale som brukes i dette forsøket, er ein del av bacheloroppgåva mi.

Alt av data frå informantane (intervju, lydopptak osv) vil bli behandla konfidensielt. Alle informantane vil bli anonymiserte, og alt av data vil bli sletta etter forsøket er ferdig.

Eg, _____

har forstått innhaldet i informasjonen som er gitt frå forskar, og er innforstått med mine rettigheitar i forsøket, og er klar over at eg på kva som helst tidspunkt kan avslutte forsøket, utan å oppgi grunn. Eg er og klar over at eg kan få tilgang til resultata til forsøket, når forsøket er ferdig.

Forsøksperson underskrift(føresette)

Forskar

Vedlegg nr 3: Intervjuguide lærarar:

Intervjuguide

Lærarar

Faktaspørsmål:

1: Kva heiter du?

2: Kvar kjem du ifrå?

3: Kva har du studert? (Kor lenge?)

4: Kor mange år har du vert kroppsøvlingslærer?

5: Har du vore kroppsøvlingslærer andre stader enn Mo Ungdomsskule? (evt kvar?)

6: Kvifor valte du å bli kroppsøvlingslærer?

7: Kva trinn har du undervist i kroppsøving?

Innsats:

8: Kva legg du i begrepet innsats?

9: Innsats har no kome tilbake som eit av vurderingskriteria i kroppsøving. Korleis ser du på vurderinga av eleven no, i forhold til før hausten 2012? (Vanskeligare/enklare?)

10: Har du nokre utfordringar ved at innsats er ein del av vurderingskriteria?(evt kva?)

11: Korleis vurderer du innsatsen hjå elevane?

12: Kva må eleven gjere for å få god innsats i kroppsøvingstimane?(Kva legg du vekt på?)

13: Korleis kan du som lærar leggje til rette for at elevane skal vise god innsats i timane?

14: Kor mykje meiner du at innsats skal vektes?

15: Kan du nevne noko positivt ved at innsats har komt tilbake som eit av vurderingskriteria?

16: Er innsats hos deg at eleven ikkje gir opp, eller teller det mest på det fysiske?

17: Meinar du det er rettferdig for alle elevane at innsats skal telle på karakteren, eller er det urettferdig? (Kvifor?)

18: Når vurderer du innsatsen?

19: I kroppsøvingstimane dine, år elevane samarbeide i grupper? Eller er det mest individuelt?

20: Ser du på om elevane hjelper andre elevar? Er dette tydeleg?

21: Synst du innsats er viktig i kroppsøving? (evt kvifor/kvifor ikkje?)

Vedlegg nr 4: Intervjuguide elevar

Intervjuguide

Elevar

1: Kva heiter du?

2: Kor gammal er du?

3: Kor kjem du ifrå?

4: Driv du med idrett utanom skulen?

5: Likar du kroppsøving som fag?

6: Yter du ditt beste i kroppsøvingstimane?

7: Kva legg du i begrepet innsats?

8: Veit du korleis ein kan oppnå god innsats i kroppsøving?

9: Tell innsats på karakteren i kroppsøving?

10: Om du ser at ein medelev sliter med å gjer ei oppgåve i timen, hjelper du den personen då? Eller er det vanskelig å hjelpe andre medelevar?

11: Hjelper du læraren å rydde opp etter timen?

12: Vil du at ein skal ha prøver/lekser i kroppsøving?(evt kvifor/kvifor ikkje?)

13: Kvifor er kroppsøving viktig/uviktig for deg?